

VEKEPLAN 7.trinn Veke:11



Ansvarselevar:
7A: Jakob og Victoria
7B: Rakel og Elina
7C: Nojus og Olai



Kontaktlærer:	E-mail:
7A- Veronica	veronica.haugland@austevoll.kommune.no
7B- Malin	malin.hatlevik@austevoll.kommune.no
7C- Anna	anna.torsvik@austevoll.kommune.no
Administrasjon 55081321	Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo

	Måndag			Tysdag			Onsdag			Torsdag		Fredag		
08.10-08.55	Norsk			Norsk			Norsk			K&H 7A	Norsk 7B/7C	Engelsk 7A	K&H 7B	Norsk 7C
08.55-09.40	Matte			Matte			Norsk			K&H 7A	Matte 7B/7C	Norsk 7A	K&H 7B	Matte 7C
09.40-10.05	Friminutt													
10.05-10.50	KRLE 7A	KRLE 7B	Samf 7C	Samf. 7A	Samf. 7B	Musikk 7C	Matte 7A	Matte 7B	KRLE 7C	Oppmuntring Speledag/kino	Musikk 7A	Musikk 7B	Engelsk. 7C	
10.50-11.35	KRLE 7A	KRLE 7B	Samf 7C	Samf. 7A	Samf. 7B	Musikk 7C	KRLE 7A	KRLE 7B	KRLE 7C		Musikk 7A	Musikk 7B	Samf. 7C	
11.35-12.00	Friminutt													
12.00-12.45	Norsk 7A	Norsk 7B	KRLE 7C	Gym 7A	Engelsk 7B	Engelsk 7C	Engelsk 7A	Gym 7B	K&H 7C		Matte 7A	Engelsk 7B	Gym 7C	
12.45-13.30				Gym 7A	Engelsk 7B	Engelsk 7C	Engelsk 7A	Gym 7B	K&H 7C		Samf 7A	Samf 7B	Gym 7C	



Info til heimen

Hei. Denne veka skal elevane planlegge og gjennomføre eit intervju som lekse. Dei vil få tid på skulen til å lage spørsmål, men gjennomføringa av intervjuet må skje utanom skuletid. Intervjuet skal vere gjennomført før torsdag, slik at elevane kan skriva ferdig intervjuet på skulen i slutten av veka. Hjelp dei gjerne med å finne nokon dei kan intervju.

Neste veke er det leseveke for heile skulen. Me på 7. trinn skal ha om temaet spenning, og lese ei bok av Arne Lindmo som heiter Trollheim - Kråkeslottets hemmelighet. Elevane skal blant anna løyse eit mysteriet gjennom veka og dei som vil får moglegheit til å sitte inne i gymsalen å ha lesefriminutt.

Gym: tysdag (7A), onsdag (7B) og fredag (7C). Hugs gymklede, innesko, handduk og såpe.

Anna info: Det blir utviklingssamtaler denne veka. Innkalling er sendt i Visma.

Gratulerer med dagen til bursdagsborna som fyller 13 år i mars!



Vekemål	
Sosialt	Eg viser at eg bryr meg om klassevennane mine.
Norsk	Eg kjenner til <i>sjangeren intervju</i> og kan planlegge, gjennomføre og skrive eit intervju.
Matte	Eg kan prosentrekning.
KRLE	Eg kjenner til sentrale trekk ved Jødedommen.
Engelsk	Eg kan bruke min kunnskap om Australia til å lage ei reisebrosjyre. Eg kan lære meg uregelrette verb på engelsk.

Dette skal du gjere til:

Tysdag	<u>Norsk</u>	Intervju: - Les «Eksempeltekst 1» på intervju. - Du skal no planlegge og gjennomføre eit intervju, intervjuet må vere gjennomført før torsdag. - Finn ut kven du vil intervju. - Vel kva intervjuet skal handle om: - Portrettintervju med fokus på yrke deira. - Portrettintervju med ein eldre person om barndommen deira. - Planlegge kva for opne spørsmål(ikkje ja/nei - spørsmål) du vil bruke. Minimum 12 spørsmål. Bruk oppgåveteksten. - Gjennomfør intervjuet. Skriv ned svara. <i>For å få intervjuobjektet til å fortelje meir kan du bruke oppfølgingsspørsmål:</i> <i>Kan du fortelje litt meir om det?</i> <i>Kva meiner du med det?</i> <i>Kva skjedde då?</i> <i>Korleis kjennast det?</i> <i>Kvifor trur du det er slik?</i> - Intervjuet skal skrivast ferdig på skulen torsdagen.
Onsdag	<u>Norsk</u>	
Torsdag	<u>Norsk</u>	
Fredag	<u>Engelsk</u> 	Skriv dei uregelrette verba (glosene) i Engelsk skriveboka di for å øve på orda. Vi har ei gjennomgang av glosene på fredag saman. Step 2 skriv orda for både step 1 og 2. Write the irregular verbs (glossary) in your English book as practice. We will go through them together on Friday. Step 2 ought to write the words presented for both step 1 and 2.

GLOSER	Step 1	GLOSER	Step 2
Engelsk:	Norsk:	Engelsk:	Norsk:
To feed – fed - fed	Å mate	To burn – burnt - burnt	Å brenne
To wake – woke - woken	Å vakne	To smell – smelt - smelt	Å lukte
To hurt – hurt - hurt	Å skade		
To spend – spent - spent	Å bruke		
To dream – dreamt - dreamt	Å drøyme		



Språket mitt

Solveig er 47 år og har vokst opp i Nesna i Nordland. Der bor hun sammen med familien sin. Solveig liker å lære nye språk.

Intervjuer: Caroline Braate

Hvilke språk snakker du?

– Jeg snakker norsk, fransk og engelsk ganske godt! Norsk er jo morsmålet mitt. Engelsk lærte jeg på skolen, og fransk har jeg studert som voksen.

Hvorfor valgte du å studere fransk?

– Jeg synes språk er spennende og nyttig. Fransk er faktisk et av de mest brukte språkene i verden!

Hvilket skriftspråk bruker du? Bokmål eller nynorsk?

– Jeg skriver bokmål! Det føles mest naturlig for meg å skrive det

Hva er det beste med å kunne flere språk?

– Det gjør det lettere å komme i kontakt med mennesker over hele verden. På jobben har jeg bruk for å snakke og skrive på både engelsk og fransk. Og det er kjekt å reise på ferie når du kan kommunisere med folk du møter.

Tusen takk for intervjuet. Det var hyggelig å snakke med deg.

– I like måte. Jeg vil gjerne dele et lite tips til slutt: Vær nysgjerrig på språk! Da er du allerede på god vei til å lære mye.

Oppgåve – Skriv eit portrettintervju!

Vel ei av oppgåvene nedanfor med tilhøyrande undertema

- ❖ Portrettintervju med ein eldre person
 - Korleis var det å vere barn før?

- ❖ Portrettintervju av ein person med fokus på yrket deira
 - Ein dag på jobb

Du skal vidare:

- Velje intervjuobjekt
 - (Personen du vil intervjuje)
- Lage intervju spørsmål med minimum 12 opne spørsmål
 - Spørsmål som gjerne startar med kva, korleis, kvifor, etc.
 - Spørsmål som ikkje kan svarast med ja/nei)
- Lage oppfølgingsspørsmål
 - (spørsmål ein stiller som reaksjon på eit svar, for å få meir informasjon eller for å gjere noko meir forståeleg)
- Gjennomfør intervjuet. Skriv ned svara.

Portrettintervju med ein eldre person

Tema: Korleis var det å vere barn før?

Eksempel på spørsmål som kan stilles:

▪ **Om barndommen**

1. Kor og når vaks du opp?
2. Korleis såg ein vanleg skuledag ut då du var barn?
3. Kva fag likte du best på skulen? Kvifor?
4. Korleis var reglane heime samanlikna med i dag?
5. Kva gjorde de på fritida?

▪ **Forskjellar frå i dag**

6. Kva er den største forskjellen mellom barndommen din og vår?
7. Hadde de mobiltelefon eller TV? Korleis heldt de kontakt med venner?
8. Kva slags leikar eller spel var populære?

▪ **Minne og refleksjon**

9. Har du eit spesielt minne frå barndommen du vil dele?
10. Kva saknar du mest frå den tida?
11. Kva trur du barn i dag har som er betre enn før?
12. Har du eit råd til barn og ungdom i dag?

For å få intervjuobjektet til å fortelje meir kan du bruke oppfølgingsspørsmål:

- Kan du fortelje meir om det?
- Kva meiner du med det?
- Korleis kjennast det?
- Kvifor trur du det var slik?
- Kva skjedde vidare?

Portrettintervju av person med fokus yrket deira.

Tema: Ein dag på jobb

Eksempel på spørsmål som kan stilles:

▪ **Om yrket**

1. Kva jobbar du som?
2. Kva går jobben din ut på?
3. Kor lenge har du jobba med dette?
4. Kvifor valde du dette yrket?

▪ **Arbeidsdagen**

5. Korleis startar ein vanleg arbeidsdag for deg?
6. Kva gjer du mest i løpet av ein dag?
7. Er det noko som kan vere vanskeleg eller utfordrande?
8. Kva er det beste med jobben din?

▪ **Utdanning og framtid**

9. Måtte du ta utdanning for å få denne jobben?
10. Kva eigenskapar bør ein ha for å passe i dette yrket?
11. Kva råd vil du gi til elevar som vurderer same yrke?
12. Ser du for deg å jobbe med dette lenge?

For å få intervjuobjektet til å fortelje meir kan du bruke oppfølgingsspørsmål:

- Kan du fortelje meir om det?
- Kva meiner du med det?
- Korleis kjennast det?
- Kvifor trur du det var slik?
- Kva skjedde vidare?